Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Fusa

Emne: | Bygdelag: Fusa

Oppskr. av: Hans Chr. Ekeberg | Gard: Fusa

(adresse): Fusa | G.nr. 31 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja
2. Ja. Eg var vel den gongen 4-5 år
3. Nei
4. Der er no, så vidt eg veit joletre i kvar heim og noko pynt elles tru og ikkje er brukt så vidt eg veit.
5. Nei
6. Det er svært ymse. Der det er små-born i huset, er joletre oftast lite, dei set det opp på eit bord, kommode e. l. -
7. a. Ja. b. Ja.
8. Helst borna, dei større, ved hjelp av far, mor eller "storesøster" og "storebror".
9. "Sjå svar til spm. 6.
10. Ljosa vert kveikte jolaftan, og seinare av og til i heile jole-helga, serleg om kveldane, så vil borna "at ein skal gå om joletre".
11. Ja, ein går rundt treet, gjerne både born og vaksne og ein syng helst jolesalmar og jole-

4039

Songar

12. Det kan vera svært ymse. Er det små tre, visnar dei snart inne i varmen og så snart ein har nådd forbi nyårsdag vert treet teke ut. Er det større tre, står det gjerne i stova, kanskje i bestestova, stundom til langt ut i januar.

13. Dette med å "hausta" juletreet går meir av moden her i bygda no. Tidlegare var det meir brukt. Då hengde dei eple, jolekringle, apelsiner o.l. på juletreet. No er det omlag slutt med det, - dei pyntar juletreet med anna "glitterstas", kau-lar og lys. Men der dei bruka å "hausta" juletreet, er det borna som for den moroa.

14. Gran og furu, alt etter som ein har lett tilgjenge på.+)

15. Det fyrste juletreet eg kan minnast i min barneheim (eg er no 64 år) var ei grein av ei older (or) som far feste i ein liten skammel, og feste ein nokre talglys-stubbar på til lys. Eg hugsar ikkje til, det har vore slik fleire kring juletre-seinare, i min heim som ved mitt fyrste juletre av ei oldergrein.

Noko sers namn for slik



+) ja, stundom "brakje" = einer.

erstatning" han og ikkje høyrt
"omtala.

16. Har ikkje set eller høyrt
omtala noko sorvore.

## Jólehalm

1. Eg kan ikkje minnast at ein hadde halm på golvet jólenatta, men far fortalde ofte om jólehalmen dei brukte i gamle dagar.
2. Far fortalde, at dei bar halmen inn i fang og la halmen på golvet
3. Halmen la dei i so pass tjukt lag på golvet, at dei låg nokorlunde godt, - ikkje for hart på golvet.
4. Ja, husfolka skulde sova i jólehalmen jólenatta, men så vidt eg veit, ikkje fleire netter. Men korfor ja, sjå det er gått meg av minne no. Men jólenatta måtte dei sitja lenge oppe, truleg for å passa på at ikkje "underjordiske" fekk gjera noko "ugagn". Den som heldt seg lengst vaken jólenatta var beste karen og då var det mest einfeld å leggja i jólehalmen enn å gå til sengs for alvor.

4039

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
NORSK FOLKEMUSEUM